

Referat frå årsmøte i Sunnfjord Kajakklubb

Årsmøtet i Sunnfjord Kajakklubb vart helde den 1. februar 2012 i kantina ved Berge & Co. Det møtte 15 personar på årsmøtet.

- Sak 1. Val av ordstyrar. Guttorm Kleppe vart valgt til ordstyrar, og Brit Siv Fimland til referent.
- Sak 2. Godkjenning av innkalling. Innkallinga vart godkjent utan merknader.
- Sak 3. Godkjenning av sakliste og dagsorden. Sakliste vart samråystes godkjent.
- Sak 4. Årsmelding. Årsmeldinga for år 2011 vart gjennomgått av Guttorm Kleppe, og vart godkjent utan merknader.
- Sak 5. Rekneskap. Rekneskapet for år 2011 vart gjennomgått av kasserar Rune Berge, og vart godkjent utan merknader.
- Sak 6. Budsjett 2012. Budsjettet for år 2012 vart gjennomgått av kasserar Rune Berge, og vart godkjent utan merknader.
- Sak 7. Teknikkurs for SKK-medlemmar. Guttorm Kleppe la fram forslag om å leige inn instruktør, og arrangere gratis teknikkurs for medlemmar. Bakgrunnen for forslaget er å auke kompetansenivået hos klubben sine medlemmar, og få fleire til å gå på teknikkurs. Tiltaket har vore prøvd i andre klubbar, og har vore vellykka. Guttorm Kleppe har vore i kontakt med Lars Bjarte Osland, som kan tenke seg å vere instruktør for oss. Forslag om å få dette til i april/mai. Det kom også forslag om å arrangere grunnkurs på same måte. Vedteke at styret skal jobbe vidare med dette.
- Sak 8. Opprette kajakkavdeling i Florø. Det er interesse frå fleire padlarar i Florø å få oppretta ei gruppe under Sunnfjord Kajakklubb i Florø. Det var representantar frå Florø tilstades på årsmøtet. Dei ser behovet for å organisere seg, i forhold til å utøve sikker padling, og få tilbod om kursing. Årsmøtet er positive til å danne avdeling i Florø, og styret skal jobbe vidare med denne saka. Det vil vere ønskeleg at klubben har nokre kajakkar liggande i Florø v/Furuholmen for utleige til medlemmar. Turlaget har oppretta ei fjell- og havsport gruppe i Florø, som kan vere aktuell samarbeidspartner for oss med tanke på kursing og liknande.
- Sak 9. Val av styre. Styret for 2012 vart samråystes valgt, og består som i 2011 av:
 - Rune Berge
 - Brit Siv Fimland
 - Lillian Sætre
 - Ola H. S. Nygård
 - Guttorm Kleppe
 - Ina Bruland (vara)I tillegg vart det bestemt at ein representant frå Florø skal ha plass i styret, og delta på styremøtene. Dei frå Florø vil bli einige om kven dette blir på eit seinare tidspunkt.
- Valkomiteen har hatt ein vanskeleg jobb, då Guttorm Kleppe har sagt frå seg leiarvervet, og ingen har stilt til val som ny leiar. Det vart vedteke at styret konstituerer seg på første styremøtet, og vel leiar på dette møtet.
- Sak 10. Val av revisorar. Ole John Østenstad og Einar Paulsen vart samråystes valgt.
- Sak 11. Val av valkomite. Rune Berge, Brit Siv Fimland, Lillian Sætre, Ola H. S. Nygård, Guttorm Kleppe og Ina Bruland vart valgt til valkomite.

Førde, 28. feb. 2012

